

Program for Nasjonal plankonferanse 26.-27. nov. 2024

Oppdatert 12.09.2024.

Dette er eit førebels program. Meir detaljerte program kjem nærmare konferansen.

Dag 1: Innlegg i plenum

10.00-10.30: Registrering og rundstykke

Kl. 10.30 Del 1: Nytt frå departementa

Her blir det oppdatering frå ein del av dei departementa som har mest med arealforvaltning å gjere. I tillegg snakkar vi litt om arkitekturpolitikken i vid forstand. Og kanskje kjem det ein minister?

Kl. 11.20 Del 2: Dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet og klima og energi

Her blir det fleire innlegg og samtalar som kastar lys på innhaldet i desse to, nye planretningslinjene.

kl. 13.00-14.00 blir det lønsj. Det blir godt.

Kl. 14.00 Del 3: Arealpolitikken i støykeskeia

Ein bolk med fokus på den nye naturmeldinga, jordvern og planblikket på distriktspolitikken og bustadpolitikken.

Kl. 15.20 Del 4: Verktøy og kunnskap

Her kjem det innlegg og samtalar verktøya i planlegginga. Moglege tema er:

- Oppdatering om interessante lovtolkingar og dommar.
- Ny kart- og planforskrift
- Medverknad
- Utfordringar med kapasitet og kompetanse
- Nye hjelpemiddel frå KDD

Programmet er ferdig til kl. 17.00. Middag kl. 19.00, med aperitiff kl. 18.30.

Dag 2:

08.30-09.00: Kaffi og prat

Parallelle grupper

Gruppene 1 og 2 går samstundes først, kl. 09.00-10.45.
Etterpå går gruppene 3 og 4 samstundes kl. 11.15-13.00.

0900-10.45

1. Samfunnsplanlegging

Bolk som ikkje er direkte areal-relevant, fokus på «dei andre» plantypene. Planstrategi, samfunnsdel, samspel mellom desse og vidare arealplanlegging.

2. Fylkeskommunen i fokus

Her handlar det om korleis fylkeskommunane jobbar med planlegging. Aktuelle tema er regionalt planforum, samspelet med statsforvaltaren og regional planstrategi.

11.15-1300

3. Der ingen skulle tru at nokon kunne....

Ein bolc om distriktsspesifikke utfordringar og løysingar. Bustadutfordringar i distrikta, planlegging utan vekst, interkommunale plankontor og oppfølging av dei minste kommunane er aktuelle tema.

4. Naturen sin tur?

Ein bolc som går nærmare inn på aktuelle tema knytt til bruk, vern og nedbygging av natur.

Kl. 13-14 blir det lønsj.